

Arkoconsult AS
 Postboks 103
 5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
 Dykkar:
 Vår: 20/6460 - 20/47199

Saksbehandlar:
 Linda Hammersvik Folkestad
 linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
 29.07.2020

Svar på søknad om avkjørsle fra kommunal veg - Gbnr 123/76 Risa

Tiltak: Etablering av avkjørsle for 2 mannsbustad
Byggestad: Neset 2, 5955 Lindås
Tiltakshavar: Søreide Bygg AS
Ansvarleg søker: Arkoconsult AS v/Michelle Hanstveit Hauge

Saka gjeld søknad om løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg for to bueiningar på gbnr 123/76.


Sakutgreiing:

Informasjon om saka:


Det vert søkt om løyve til å etablere avkjørsle frå kommunal veg for 2 bueiningar på gbnr 123/76. Det er lagt ved situasjonsplan som viser tenkt avkjørsle. Det er ikkje lagt ved profil som viser stigningsforhold i avkjørsla.

Vurdering/drøfting:

Vegen er regulert av ei 30-sone. Sikt i avkjørsla vert difor satt til minimum 3 x 20 meter. I brev datert 05.05.2020 ba kommunen om nytt situasjonskart som viser avkjørsle med målsett svingradius. Nytt situasjonskart er svingradius opplyst å være $R = 4$ meter. Avkjørsla er ikkje teikna inn med denne svingradiusen. Når ein teiknar inn svingradius (ihht forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg») ser ein at ein får ei endring i plassering av avkjørsla.



Avkjørsle med svingradius $R = 4$ meter.



Det er ikkje lagt ved lengdesnitt som viser stigningsforhold i avkjørsla. Ihht til forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlike-hold av avkjørsler fra offentlig veg» skal avkjørsler ha eit jamt fall frå

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

offentlig veg før avkjørselsvegen stiger/faller. Etter dette skal avkjørselsvegen ha ei maks stigning/fall på 1:8. Føremål med krav er å sikre at overvatn ikkje vert leda inn i eller ut frå offentleg veg.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje løyve til etablering av avkjørsle for 2 bueiningar på gbnr 123/76 ved at gitte krav i løyve vert fulgt.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til etablering av avkjørsle for 2 mannsbustad på gbnr 123/76. Løyve vert gitt med heimel i Veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande regelverk:

Løyve vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den stettar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørser frå offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegenormal N100. Det vert blant anna sett krav om geometrisk utforming, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- På dei to første meterane skal avkjørsla ha eit jamt fall frå kant kommunal veg på 5 cm. Etter dette kan stigning/fall være 1:8. Det skal, under avkjørsla, leggast ned dreneringsrør med ei indre diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn frå grøft får fritt løp inn og ut av røret.
- Grøft skal oppretthaldast langs grensen mot kommunal veg. Grøfta sin bredde skal være ca 1,0 meter. Grøft skal ha jamt fall frå kommunal veg.
- Siksone skal være etablert iht krav gitt i vegenormal N100. Siksone er satt til 3 x 20 meter. I siksone skal ein ikkje ha sikthindringar (gjeld alle typer) som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt veginivå. Siksone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar.
- Svingradius i avkjørsla vert sett til $R = 4$ meter. Avkjørsla skal være plassert som vist i vurderinga.
- Det skal etablerast snuareal på eigen grunn slik at ein unngår rygging inn i frå og ut i kommunal veg.

Før etablering av avkjørsle skal det ligge føre løyve etter plan og bygningslova.

Vi gjer merksam på at det i dette vedtaket ikkje er teke stilling til dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett for mur. Dette vert handsama i eige sak når all etterspurd dokumentasjon ligg føre.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvalting (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeid med avkjørsla ikkje sett i gong innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. Veglova § 40 4. ledd.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSE
N